

PRESSEMELDING 01.02.2022:

No kan du søke opptak til meir enn 1700 studium i Samordna opptak

1. februar opna det samordna opptaket til universitet, høgskular og fagskular i 2022.

Det er gledeleg å sjå det store talet på og variasjonen i studium som institusjonane tilbyr. I 2022 kan ein velje mellom 74 741 studieplassar fordelt på 1760 studium ved fagskular, høgskular og universitet, seier direktør i Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) Sveinung Skule.

Studietilbod ved universitet og høgskular

I år tilbyr universitet og høgskular til saman 62 077 planlagde studieplassar ved grunnutdanningane sine gjennom Samordna opptak. Studieplassane er fordelt på 1317 ulike studium ved 27 universitet og høgskular i Noreg.

Talet på studieplassar ved universitet og høgskular har auka jamt og trutt i mange år, og det er særstyggeleg å i år kunne lyse ut rekordmange studieplassar, seier Skule.

Sjølv om det er lyst ut færre studium år enn i fjor, er dette likevel det høgaste talet på studieplassar som er lyst ut ved universitet og høgskular gjennom Samordna opptak.

Fagskuletilbod

Fagskuleutdanning er høgare yrkesfagleg utdanning som byggjer på vidaregåande opplæring, fagbrev eller realkompetanse, og kan mellom anna gje fagskulegrad og høgare fagskulegrad. Utdanningane varer normalt mellom eit halvt og to år.

Arbeidslivet treng fleire med fag- og yrkeskompetanse. Fagskulane er viktige for å sikre god yrkesretta kompetanse som gjer verksemdene og den enkelte i stand til å møte det grønne skiftet og andre former for omstilling vi står overfor, seier Skule

Fagskulane som er med i det samordna opptaket i år, lyser ut til saman 12 664 planlagde studieplassar fordelt på 443 studium og 24 fagskular. 2022 er tredje år med fagskuleopptak gjennom Samordna opptak.

Ein søknad til fleire studium

Gjennom Samordna opptak kan studiesøkarar enkelt søke opptak til fleire lærestader og studium med éin søknad – eller to for dei som ønsker å søke opptak til både fagskule og universitet/høgskule. Søkarar har framleis god tid til å finne ut kva utdanningar dei skal søke på. Søknadsfristen i år er **20. april kl. 14.00**, og både Samordna opptak og lærestadene står klare til å hjelpe søkarane med råd og informasjon undervegs i søkeprosessen.

Publiseringsdatoar for årets søkar- og opptakstal er lagd ut på [informasjonsplan for Samordna opptak 2022](#). Sjå også [pressemeldingar fra Kunnskapsdepartementet](#).

Samordna opptak blei 1. januar 2022 ein del av det nyetablerte Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse.